



Arbeidstilsynet

VÅR DATO
20.12.2013
DYKKAR DATO
12.12.2013
VÅR SAKSHANDSAMAR
Pål Erdal tlf. 416 31 760

VÅR REFERANSE
2013/38410 263066/2013
DYKKAR REFERANSE

1

Harald Steinsland AS

5729 MODALEN

Hordaland fylkeskommune

30 DES 2013

KOPI

FØREBELS VURDERING AV OPPLYSNINGAR

Vi takkar for (udatert) brev med dokumentasjon som vi mottok 12.12.13 som svar på pålegget av 2.12.2013 punkt 3 om å gje opplysningar.

Vi har vurdert opplysningane og vil gje slike kommentarar og rettleiing:

- Arbeidsavtalen seier 37,5 timar pr. veke, medan dagleg arbeidstid ikkje er omtala. Vi går då ut frå at privatrettsleg innslagspunkt for overtid er timar ut over 37,5, dersom skriftleg avtale om gjennomsnittrekning ikkje ligg føre. Merk at alminneleg arbeidstid etter arbeidsmiljølova (aml) § 10-4 (1) er 9 timer pr. dag og 40 timar pr. sju dagar, som Arbeidstilsynet difor også legg til grunn ved vurderinga av overtida, sjå fylgjande:

- Ulovleg overtid vart praktisert på prosjektet «Totland» i september, altså *ikkje Bybanen*. Lønsslippen syner 57 overtidstimar i september. Om vi trekkjer frå 4x 2,5 timar (40 minus 37,5) for å vurdere etter lovas tal 40 veketimar, er det likevel 47 overtidstimar pr. fire veker. Dette er ulovleg fordi aml § 10-6(4) avgrensar til 25 overtidstimar pr. fire samanhengande veker. Overtidstillegg for «Totland» er utbetalt. Vi gjer merksam på at partane kan avtale gjennomsnittrekning etter aml § 10-5 («timebank» for avspasering). Det kan redusere bruken av overtid og overtidskostnadar. Ta gjerne kontakt om de vil ha råd om dette.

Timar på Bybanen

For Espen Nordeide november 2013 på Bybanen ser vi at timetala er innan lovas reglar. *For oktober venter vi enno på timelister, og ber om å få dei så snart som råd, jf. ferie på lønkontoret dykkar.* For tema arbeidstid avventar vi konklusjonen til vi også har fått oktobertimane for Nordeide.

Id-kort

Frå kortleverandørens register pr. 19.12. ser vi dette:

- Disse har fått nytt kort pr. 10.12.13: Espen Nordeide (som var på Bybanen), Jarle Hugnastad.
- Disse har søkt kort den 17.12.13: Marius Andersen, Endre Bysheim, Harald Steinsland.
- Disse har ikkje søkt om id-kort, men er oppført i AA-registeret og på håndskriven mannskapsliste: Jette H. Damm, Jonny André L. Venås. De må difor *snarast* søkje for desse også.

Dersom det er arbeidstakarar i AA-registeret som ikkje lenger arbeidar i verksemda, er det fint om de kan melde dei ut slik at AA-registeret gjev oss korrekt oversyn.



Pålegget om id-kort har frist 31.12.2013. Vi avventar svar i form av kopi av leverandørens «ordrebekreftelse» straks over nyttår.

Bedriftshelseteneste

Pålegget om id-kort har frist 31.12.2013. Vi avventar svar straks over nyttår.

Arbeidsgjevars HMS-opplæring

Kursbevis er lagt fram.

Internkontroll

Vi har fått kopi av HMS-plan, instruksar, sjekklister m.m. for arbeid i eigen regi for ein stor byggherre. Dette syner at verksemda har element av internkontroll. Vi ser difor ikkje vidare på internkontrollen, men vil understreke at Arbeidstilsynet med dette ikkje har gått gjennom eller «godkjend» verksemdas internkontroll. Ik-en vil truleg vere eit naturleg tema ved framtidig samarbeid med godkjend bedriftshelseteneste, jf. pålegget om å inngå avtale, og dei kan gje rettleiing også for internkontrollarbeidet.

Oppsummert

Straks over nyttår ventar vi å få komplettert opplysningane med timeliste oktober 2013 og tilhøyrande lønsslipp for Nordeide, saman med svar for pålegga om id-kort og bedriftshelseteneste.

Vi nyttar høvet til å ynskje dykk ein god julehøgtid og eit godt nytt år.

Med helsing
Arbeidstilsynet Vestlandet

Marita Scott
tilsynsleiar
(sign.)

Pål Erdal
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjend elektronisk i Arbeidstilsynet og har difor ingen signatur.

Kopi til:

HF Bybanen Utbygging	Pb 7900	5020	BERGEN
Veidekke Entreprenør Bybanen	Pb 6005 Postterminalen	5892	BERGEN